



Dato: 03.11.2022

NOTAT

Til utval for helse og omsorg,formannskap,kommunestyret

Busetting av flyktningar utover busettingstalet for 2022

Alver kommune har kome i hamn med busettinga av dei 180 flyktningane Alver kommune skal busette i 2022. Oppmodinga frå IMDI med 180 flyktningar til Alver kommune er rekna ut frå eit estimat på rundt 35.000 flyktningar til Norge for året 2022. Det vert rapportert at det er kome rundt 30.000 flyktningar til Norge så langt i år. Det er kommunar som av ulike grunnar ikkje har nådd busettingstalet per i dag. Av dei 180 busette flyktningane i Alver har 12 returnert til Ukraina. IMDI vil som hovudregel først og fremst busette nye flyktningar i kommunar som ikkje har nådd sine busettingstal.

Alver kommune vert kontakta av flyktningar frå Ukraina som ynskjer at dei vert formelt busett i vår kommune. Dei fleste som har teke kontakt med oss, er personar som har nær familie (t.d. born, borneborn eller foreldre) i kommunen. Fleira av dei med nær familietilknytning til andre busette flyktningar har alt teke seg til kommunen og har «busett seg sjølv» hjå familiane sine og oppheld seg alt i kommunen. Vi har vore i dialog med IMDI og det er naturleg for både IMDI og oss at desse vert busett i Alver kommune og ikkje vert vist til mottak eller vert busett i andre kommunar.

Ukrainarar som kjem til Norge kan bu kvar dei vil og treng ikkje vere på mottak. Dei vil ikkje ha fulle rettar som busett flyktning før dei formelt er utsøkt frå IMDI og busett i ein kommune.

Vi vurderer at vi inntil vidare kan busette familiemedlemmer med nær familietilknytning som både vi og IMDI vurderer høyrer heime i kommunen. Vi ber ikkje om ei blankofullmakt til å busette mange flyktningar utover opprinneleg busettingstal. Vi ber om tilslutning til at vi kan gå i dialog med IMDI om busettingar for enkeltpersonar med nær familietilknytning til andre i kommunen vår og der vi vurderer at det vil vera urimeleg at dei ikkje vert busett her. Vi har i dag ei liste kring 10 personar som vi vurderer i kategorien med «nær familietilknytning».

Med i denne vurderinga legg vi til grunn at 12 personar er returnert til Ukraina. Sjølv om returnerte kan vende tilbake til Alver, er dette ein situasjon vi vurderer vi kan leve med. Tilskotet per flyktning er det same som for andre flyktningar vi buset.

Arngunna Haga - Avdelingsleiar ungdom og integrering
